



TEKNISK ETAT HEMSEDAL KOMMUNE  
Hemsedalsvegen 2889  
3560 HEMSEDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Mabel Katrine Trovum, 22003589

## Tilbakemelding på eigenkontrollrapport for avløpssektoren for rapporteringsåret 2023 - Hemsedal kommune

**Hemsedal kommune har avvik i eigenkontrollrapporteringa for 2023. Trøim reinseanlegg har avvik frå sekundærreinsekravet for BOF<sub>5</sub>.**

**Kommunen har opplyst om at pe-kartlegginga utført i 2023, viser at Ulsåk reinseanlegg likevel ikkje ligg innanfor ei tettbebyggelse med eit samla utslepp over 2 000 pe (BOF<sub>5</sub>). Vi ber kommunen sende over pe-kartlegginga som er utført i 2023.**

**Vi gjer kommunen merksame på at dersom avvik ikkje blir retta opp, kan dette medføra avgrensingar for ønskt utvikling i kommunen, då det ikkje kan koplast til ytterlegare abonnentar til avløpsanlegg som ikkje overheld krava i forureiningsregelverket jf. plan- og bygningslova § 27-2 og forureiningslova § 7.**

**Kommunen skal betala eit gebyr på 7 800 kr for vårt arbeid med eigenkontrollrapportane. Miljødirektoratet vil ettersende faktura.**

**Rapporteringsskjema for 2024 vil vere tilgjengeleg for utfylling via Altinn frå februar 2025.**

Vi viser til eigenkontrollrapportar og årsrapportar for Hemsedal kommune sitt leidningsnett, Trøim reinseanlegg og Ulsåk reinseanlegg for rapportåret 2023.

Statsforvaltaren fekk beskjed frå Hemsedal kommune om at utsleppet frå Ulsåk reinseanlegg oversteig 2 000 pe i 2021, og at Statsforvaltaren difor er rett forureiningsmynde. Under tilsynet ved Trøim reinseanlegg 25.04.2024 opplyste kommunen om at den nyleg utarbeidde pe-teljinga viser at Ulsåk likevel ikkje ligg innanfor ein *tettbebyggelse* med eit samla utslepp over 2 000 pe.

### Leidningsnett til Trøim reinseanlegg

Hemsedal kommune har rapportert at det er 4 installerte nødoverløp på leidningsnettet til Trøim reinseanlegg, og ingen regnvassoverløp. For 2023 har de rapportert om 1 931 m<sup>3</sup> avløpsvatn og 15,6 kg fosfor i overløp på leidningsnettet til Trøim reinseanlegg. Desse tala er baserte på utrekningar då



det ikkje finst målingar av tid og mengd i overløp.

Hemsedal kommune rapporterer at det er 961 innbyggjarar og 1 850 fritidsbustader tilknytt avløpsnett til Trøim reinseanlegg i 2023.

#### Trøim reinseanlegg

Det er for 2023 rapportert at Trøim reinseanlegg har teke imot og behandla 234 907 m<sup>3</sup> avløpsvatn, og at det ikkje har vore utslepp via overløp på reinseanlegget. Utsleppsmengda av fosfor frå reinseanlegget har vore på 31 kg i 2023. Dette betyr at kravet til maks restutslepp på 320 kg fosfor i året er overhaldt for rapporteringsåret 2023 (46,6 kg frå leidningsnett og reinseanlegg samanlagt).

Trøim reinseanlegg klarar reinsekrava for fosfor på 93 %. Reinsegraden er i 2023 berekna til 98,3 % for fosfor. Anlegget klarar også sekundærreinsekravet for KOF<sub>CR</sub>, då alle enkeltanalysar overheld anten konsentrasjons- eller reinseffektkravet.

Kommunen har eit tilstrekkeleg tal enkeltprøver som overheld anten kravet om reinseffekt på 70 % eller maks utsleppskonsentrasjon på 25 mg O<sub>2</sub>/l for BOF<sub>5</sub>. Det blir tillate at 3 enkeltprøver ikkje overheld krava når det blir teke mellom 17 og 28 prøver jf. forureiningsforskrifta § 14-13. Det er berre éi prøve som ikkje overheld krava i 2023. Denne prøva er likevel ein 100 % - overskriding av reinsekrava, som vil seie at utsleppskonsentrasjonen har vore over 50 mg O<sub>2</sub>/l, samtidig som reinseffekten har vore lågare enn 70 %. Slike overskridingar er å rekne som eit avvik frå sekundærreinsekravet i seg sjølv. Dette betyr at Trøim reinseanlegg ikkje overheld sekundærreinsekravet for BOF<sub>5</sub> i 2023. Vi merkar oss likevel at kommunen har analysert 18 prøver for BOF<sub>5</sub> i rapportåret. Minstekravet i forureiningsforskrifta § 14-11 er at 12 prøver skal analyserast for BOF<sub>5</sub> for avløpsanlegg mellom 1 000 og 10 000 pe. Vi er positive til at kommunen tek ekstra prøver i maksveka, og avviket på sekundærreinsekravet er ikkje å rekna som eit alvorleg brot.

Dimensjonerande kapasitet for Trøim reinseanlegg er oppgitt til å vere 14 000 pe (BOF<sub>5</sub>). Kommunen har rapportert at den berekna maksvekebelastninga i 2023 var 7 592 pe (BOF<sub>5</sub>). Etter vår utrekning er maksvekebelastninga for BOF<sub>5</sub>, når vi ser på enkeltprøven datert 07.04.2023, på 7 784 pe (BOF<sub>5</sub>).

Vi ser at mengda BOF<sub>5</sub> og KOF<sub>CR</sub> tilført reinseanlegget har auka jamt sidan 2021.

#### Ulsåk reinseanlegg

Dimensjonerande kapasitet for Ulsåk reinseanlegg er oppgitt til å vere 2 000 pe (BOF<sub>5</sub>). Kommunen har rapportert at den målte maksvekebelastninga i 2023 var 1 890 pe (BOF<sub>5</sub>). Under tilsynet ved Trøim reinseanlegg 25.04.2024 opplyste kommunen om at den nyleg utarbeidde pe-kartlegginga viser at Ulsåk ikkje ligg innanfor ein *tettbebyggelse* med eit samla utslepp over 2 000 pe. Vi ber om at kommunen sender over pe-kartlegginga til Statsforvaltaren, slik at vi kan tilbakeføra Ulsåk reinseanlegg til kommunen som rett forureiningsmynde i databasane våre.

#### Tilbakemelding på resipientovervakingsrapport

Statsforvaltaren viser til e-post frå Rambøll v/ Lise Irene Karlsen datert 29.02.2024 med vedlagd årsrapport for 2023 for resipientovervakning i Hemsil ved Trøim reinseanlegg i Hemsedal kommune.

Rapporten stadfestar at det i 2023 blei gjennomført totalt seks prøvetakingar av resipient. Det blir opplyst om at resultatata blir importert til Vannmiljø via Eurofins. I rapporten er metodar og resultat presenterte på ein oversiktleg måte, og det er gjort vurderingar av tilstand og påverknad. Det er også gjennomført ei samanlikning med data frå tidlegare år.



Det skal i samsvar med overvåkingsprogrammet takast begroingsalgeprøvar kvart tredje år, og rapporten stadfestar at dette vart gjennomført i tråd med programmet i 2023.

Vi tek årsrapporten for resipientovervaking av Hemsil ved Trøim reinseanlegg til orientering.

#### Andre kommentarar

Hemsedal kommune har i søknad datert 06.11.2020 søkt Statsforvaltaren om nytt løyve etter forureiningslova til utslepp av kommunalt avløpsvatn frå Trøim reinseanlegg. Statsforvaltaren har i brev datert 12.09.2023 bedt kommunen om å oppdatere kunnskapsgrunnlaget i søknaden sin om nytt løyve, då det er behov for ei høgare ramme for løyvet for å dekkja forventa tilførsel i maksveke. Søknaden som per i dag berre gjeld for Trøim reinseanlegg ligg arkivert i eiga sak med saksnr. 2020/37759. Statsforvaltaren har tidlegare stadfesta at Hemsedal kommune må søkje om utsleppsløyve for det samla utsleppet frå heile «*tettbebyggelsen*» (jf. definisjon i forureiningsforskrifta § 11-3 bokstav k). Kommunen skriv i skjema for årsrapportering at det i 2023 er utarbeidd ei pe-teljing etter NS 9426 for heile kommunen, og at eit av dei planlagde tiltaka til neste år er å avklara søknad om nytt utsleppsløyve. De skriv også at de har starta eit prosjekt for å vurdere nytt felles avløpsreinseanlegg for Hemsedal kommune.

#### **Konklusjon**

Hemsedal kommune har avvik i eigenkontrollrapporteringa for 2023. Trøim reinseanlegg har avvik frå sekundærreinkekravet for BOF<sub>5</sub>.

Vi gjer kommunen merksame på at dersom avvik på reinsekrava ikkje blir retta opp, kan dette medføra avgrensingar for ønskt utvikling i kommunen, då det ikkje kan koplast til ytterlegare abonnentar til avløpsanlegg som ikkje overheld krava i forureiningsregelverket jf. plan- og bygningslova § 27-2 og forureiningslova § 7.

Vi ber kommunen sende over pe-kartlegginga som er utført i 2023 og som viser at Ulsåkk reinseanlegg ikkje er omfatta av forureiningsforskrifta kapittel 14.

Utover kommentarane over, tek vi eigenkontrollrapportane og årsrapportane for 2023 til atterhald.

For oppdatert informasjon om rapporteringskrav og metode viser vi til rettleiar for eigenkontrollrapporteringa for avløp, som er tilgjengeleg på:  
<https://www.miljodirektoratet.no/skjema/avlop-rapportering/>.

Rapporteringsskjema for 2024 vil vere tilgjengeleg for utfylling via Altinn frå februar 2025. Vi minner om at årsrapportering til Statsforvaltaren skal leggest som vedlegg i Altinn. Skjema for årsrapportering heiter «Avløp – årlig rapportering». Skjema kan de finne i vårt skjemabibliotek: [Skjema og tjenester | Statsforvalteren i Oslo og Viken](#).

Eigenrapportens data om årlege utslepp for reinseanlegg vil bli lagt ut på nettstaden «Norske Utslipp» i juni 2024. Se <https://www.norskeutslipp.no/no/Avlopsannlegg/?SectorID=100>

#### **Gebyr for sakshandsaminga**

Vi gjer merksam på at det vil bli kravd gebyr for sakshandsaming av eigenkontrollrapportane, med heimel i forureiningsforskrifta § 39-5 Gebyr for arbeid med eigenkontrollrapportar, som vart teke inn i forskrifta i 2023. Gebyret er på 3 900 kroner per eigenkontrollrapport.



For Hemsedal kommune er det i dette brevet gitt ei samla tilbakemelding på to eigenkontrollrapportar. Gebyret vil derfor utgjera kroner 7 800.

Vi påpeikar for ordens skyld at grunnen til at det er teke gebyr for saksbehandlinga av eigenkontrollrapporten for Ulsåk reinseanlegg, er at Statsforvaltaren allereie hadde gått gjennom rapporten i forkant av tilsynet i april. Vi var på dette tidspunktet ikkje kjent med at Ulsåk reinseanlegg ikkje var omfatta av forureiningsforskrifta kapittel 14.

Miljødirektoratet ettersender faktura.

Med helsing

Hilde Sundt Skålevåg  
seksjonssjef  
Klima- og miljøvernavdelingen

Mabel Katrine Trovum  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*